



Innst. 313 S

(2010–2011)

Innstilling til Stortinget fra kommunal- og forvaltningskomiteen

Prop. 94 S (2010–2011)

Innstilling fra kommunal- og forvaltningskomiteen om auka låneramme i Husbanken

Til Stortinget

1. Sammendrag

1.1 Bakgrunn

I proposisjonen blir det vist til at Husbanken skal supplere kredittmarknaden og gje lån til føremål som er samfunnsøkonomisk og fordelingspolitisk ynskjelege.

Det blir vidare vist til at låneramma i Husbanken er på 15 mrd. kroner i 2011. Dette er same nivået som i 2010. På bakgrunn av den høge etterspurnaden etter lån frå Husbanken i 2009 og 2010 bad fleirtalet i kommunal- og forvaltningskomiteen regjeringa følgje situasjonen nøye og kome tilbake til Stortinget med ei vurdering av trongen for auka låneramme i samband med revidert nasjonalbudsjett for 2011, jf. Innst. 16 S (2010–2011).

1.2 Låneverksemda i Husbanken i 2011

I proposisjonen blir det pekt på at låneramma i Husbanken består av grunnlån til utbetring, grunnlån til oppføring, grunnlån til kjøp, startlån og lån til barnehagar.

Grunnlånet skal bidra til å fremje viktige bustadkvalitetar som universell utforming og energisparing i nye og eksisterande bustader. Pr. 1. mars 2011 er om lag 7 mrd. kroner belasta låneramma til grunnlån. Låneramma for 2011 er så langt belasta med 3,9 mrd. kroner knytt til saker på vent frå 2010. Talet på innkomne saker har auka monaleg mot slutten av 2010. Dette heng mellom anna saman med varsla innføring

av strengare kvalitetskrav for å kunne få grunnlån, som etter planen skal tre i kraft frå 1. juli 2011.

Startlån skal hjelpe dei som slit med å få lån til å etablere seg i eigen bustad. Startlån er prioritert innanfor låneramma, og det er venta at Husbankens strategiske kommunesatsing vil auke etterspørsla etter startlån. Pr. 1. mars 2011 er om lag 4,8 mrd. kroner til startlån belasta låneramma.

Lån til barnehagar blir gjeve til bygging av nye barnehageplassar som er privat åtte. Pr. 1. mars 2011 er om lag 0,4 mrd. kroner belasta låneramma til barnehagelån.

Samla sett er lån på om lag 12,2 mrd. kroner belasta låneramma til Husbanken pr. 1. mars 2011.

Det er ikkje særskilde forhold i kredittmarknaden som tilseier ein auke av låneramma til Husbanken, men i all hovudsak ein auka etterspurnad etter lån frå Husbanken. For å leggje til rette for framleis høg låneverksemd i 2011 blir det i proposisjonen gjort framlegg om å auke låneramma med 5 mrd. kroner i 2011, frå 15 mrd. kroner til 20 mrd. kroner.

1.3 Økonomiske og administrative konsekvensar

I proposisjonen blir det vist til at det ikkje er venta endringar i tap på utlån som følgje av auka låneramme. Det er på bakgrunn av framlegget om auka låneramme i 2011, rekneskapstal for 2010 og nye renteføresetnader trong for å endre løyvingane på følgjande kapittel og postar i 2011:

Kap. 2412 Husbanken

POST 90 LÅN FRÅ HUSBANKEN, OVERSLAGSLØYVING

I budsjetteringa av utbetaling av husbanklån blir det lagt til grunn ein utbetalingsprofil som går over fire år.

Ei auka låneramme vil først kunne bli disponert etter at Stortinget har fatta eit vedtak. Innanfor den auka låneramma blir det lagt til grunn at færre tilsegn vil bli utbetalte i 2011 enn normal utbetalingsprofil skulle tilseie. For auken på 5 mrd. kroner er det lagt til grunn at 22 pst. av tilsegna blir utbetalte i 2011 og 46 pst. i 2012. Den største budsjetteffekten kjem difor i 2012. Føresetnadene for utbetaling tredje og fjerde år og fråfall er dei same som for låneramma i saldert budsjett 2011.

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 14 117,6 mill. kroner. Det er berekna at det er trong for å auke løyvinga på posten med 1 102 mill. kroner i 2011 på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kroner i 2011. I tillegg gjer rekneskapen for 2010 og lågare renteføresetnader det naudsynt å redusere løyvinga med 32,6 mill. kroner. I sum er auken berekna til 1 069,4 mill. kroner.

Kap. 5312 Husbanken

POST 90 AVDRAG

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 9 225,2 mill. kroner. Det er berekna at innbetaling av avdrag vil auke med 8 mill. kroner på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kroner i 2011. I tillegg gjer rekneskapen for 2010 det naudsynt å auke løyvinga med 677,8 mill. kroner i 2011. I sum er auken berekna til 685,8 mill. kroner.

Kap. 5615 Husbanken

POST 80 RENTER

Posten er i statsbudsjettet for 2011 budsjettert med 4 163,4 mill. kroner. Det er berekna at renteinntektene vil auke med om lag 16 mill. kroner på bakgrunn av auken i låneramma på 5 mrd. kroner i 2011. Vidare er nye renteføresetnader lågare enn dei som blei lagt til grunn i saldert budsjett 2011. Dette gjer det isolert sett naudsynt å redusere løyvinga på posten med 264,4 mill. kroner. I sum er reduksjonen berekna til 248,4 mill. kroner.

1.4 Framlegg om endringar

Regjeringa gjer framlegg om å auke låneramma i Husbanken med 5 mrd. kroner i 2011, frå 15 mrd. kroner til 20 mrd. kroner, jf. framlegg om endra løyvingar og framlegg til romartalsvedtak.

På bakgrunn av framlegget om å auke låneramma gjer regjeringa framlegg om å auke løyvinga for 2011 på kap. 2412, post 90 Lån frå Husbanken med 1 069,4 mill. kroner til 15 187,0 mill. kroner og på kap. 5312, post 90 Avdrag med 685,8 mill. kroner til 9 911,0 mill. kroner. Regjeringa gjer òg framlegg om å redusere løyvinga på kap. 5615, post 80 Renter med 248,4 mill. kroner til 3 915,0 mill. kroner.

2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Lise Christoffersen, Håkon Haugli, Hilde Magnusson, Ingalill Olsen og Fredrik Slettbakk, fra Fremskrittspartiet, Per-Willy Amundsen, Gjermund Hagesæter og Åge Starheim, fra Høyre, Trond Helleland og Michael Tetzschner, fra Sosialistisk Venstreparti, lederen Heikki Holmås, fra Senterpartiet, Heidi Greni, og fra Kristelig Folkeparti, Geir Jørgen Bekkevold, viser til Prop. 94 S (2010–2011) om auka låneramme i Husbanken.

Komiteen viser til at Husbanken er et vesentlig virkemiddel til å virkeliggjøre den offentlige boligpolitikken. Det er et førende hensyn at befolkningen har en trygg og god boligsituasjon uansett inntektsforhold. De boligpolitiske tiltakene må ses i sammenheng med andre offentlige ytelser, kommunalt ansvar og med den økonomiske politikken for øvrig. Husbanken supplerer lånetilgangen som ellers ytes fra ordinære banker ved å gi lån som er fordelingspolitisk ønskelig og samfunnsmessig forsvarlig. Startlån for yngre og vanskeligstilte er et eksempel på den vellykkede dreiningen av boligsubsidiene fra bare å være en støtte for hustyper og organisasjonsformer.

Komiteens flertall, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Senterpartiet, viser til merknader i Innst. 16 S (2010–2011):

«Flertallet har merket seg at regjeringen har foreslått en låneramme på 15 mrd. kroner for 2011. Dette er på samme nivå som for 2010. Flertallet ber regjeringen følge situasjonen nøye og komme tilbake til Stortinget med en vurdering av behovet for økte lånerammer i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2011.»

Flertallet er godt fornøyd med at regjeringen har fulgt utviklingen i bruken av Husbankens lånemidler, og med bakgrunn i Husbankens kunders behov nå fremmer forslag om å utvide lånerammen med 5 mrd. kroner for å sikre at Husbanken har tilstrekkelig med lånemidler.

Komiteens medlemmer fra Fremskrittspartiet og Høyre merker seg at regjeringen på grunn av økt aktivitet ønsker å utvide Husbankens låneramme med 5 mrd. kroner. Disse medlemmer støtter en slik økning i lånerammen.

Komiteens medlem fra Kristelig Folkeparti viser til sitt alternative budsjett der det ble foreslått å øke Husbankens låneramme med 5 mrd.

kroner utover regjeringens forslag. Dette medlem registrerer at regjeringen nå foreslår en låneramme i tråd med Kristelig Folkepartis forslag.

Komiteen har ingen videre merknader og slutter seg til regjeringens forslag.

3. Komiteens tilråding

Komiteen har for øvrig ingen merknader, viser til proposisjonen og rår Stortinget til å gjøre slike

vedtak:

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

Kap.	Post	Formål	Kroner
Utgifter			
2412		Husbanken	
	90	Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med frå kr 14 117 600 000 til kr 15 187 000 000	1 069 400 000
Inntekter			
5312		Husbanken	
	90	Avdrag, blir auka med frå kr 9 225 200 000 til kr 9 911 000 000	685 800 000
5615		Husbanken	
	80	Renter, blir redusert med frå kr 4 163 400 000 til kr 3 915 000 000	248 400 000

Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gjevne løyvingar.

II

Stortinget samtykkjer i at Husbanken i 2011 kan gje tilsegn om lån for 20 mrd. kroner. Låna vil bli utbetalt i 2011 og seinare år.

Oslo, i kommunal- og forvaltningskomiteen, den 3. mai 2011

Heikki Holmås
leder

Håkon Haugli
ordfører

